

Nøytralitetsrapport 2021 for Lysna AS

The logo for Lysna, featuring the word "Lysna" in a bold, dark blue, sans-serif font. The letter 'y' is stylized with a unique, rounded shape.

Innhold

Krav til nøytral opptreden.....	3
Organisering og struktur.....	3
Nøytralitet ved kundebehandling og kundeinformasjon.....	3
Salg av tjenester.....	4
Klager på nøytralitet	4

Krav til nøytral opptreden

Lysna AS er eit nettselskap med monopol på distribusjon av elektrisk energi gitt i Områdekonsesjon. Lysna er eit av datterselskapa til Fusa Kraftlag SA. Fusa Kraftlag SA har også datterselskap som har virksomhet innanfor kraftomsetning og fiber/telekommunikasjon.

Nettselskap er underlagt forskriftsfesta krav til å opptre nøytralt og ikkje-diskriminerande overfor kundar, kraftleverandørar, produsentar og andre tjenesteleverandørar.

-Krava til nøytralitet og informasjon er nedfelt i:

- Lov om produksjon, omforming, overføring, fordeling og bruk av energi mm Energilova § 4-6 og § 4-7
- Forskrift om måling, avregning, fakturering av nettjenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv. § 8-1 a og b
- Forskrift om nettregulering og energimarkedet NEM § 4-17 og § 4-18

Nettselskapet skal jmf forskrifta peike ut nøytralitetsansvarlig. For Lysna AS er Liv Kolle-Holmefjord, økonomileiar i Fusa Kraftlag SA utpeika som nøytralitetsansvarlig. Økonomiansvarlig har ei rolle som krever innsikt i store delar av verksemda og har eit godt utgangspunkt for å inneha rolla som nøytralitetsansvarleg.

Alle tilsette er underlagt generell taushetsplikt og skal ikkje dele selskapsintern eller sensitiv informasjon utanfor selskapet. Alle tilsette får opplæring i kva nøytral opptreden inneber. Denne opplæringa er nedfelt i selskapet sitt IK-system.

Organisering og struktur.

Lysna AS er eit heileigd datterselskap i Fusa Kraftlag SA, og inngår i konsernet saman med heileigde Strøyma AS som driv med kraftomsetning og fibernett og telekommunikasjon

Lysna AS har omlag 3 500 kundar og er underlagt krav om selskapsmessig skilje. 1. januar 2022 gjorde selskapet navneendring til Lysna AS, slik at nettselskapet oppfyller kravet om å klart skilje seg frå einkvar kraftleverandør og alle selskap i konsernet.

Lysna har eiga internettside www.lysna.no

Nøytralitet ved kundebehandling og kundeinformasjon

Lysna AS kjøper førstelinje kundeservice frå Fusa Kraftlag SA. Tilsette på kundesenteret får opplæring om lik behandling av alle nettkundar, uavhengig av kva kraftleverandør dei nyttar.

All datautveksling mellom kraftmarknadsaktørar forgår via Elhub. Lysna gjennomfører forretningsprosessar for kundar i konsesjonsområdet uavhengig av kva kraftleverandør kunden har.

Lysna har skriftleg avtale om gjennomfakturering med fleire kraftleverandørar også med kraftleverandør i same konsern. Kundar med kraftleverandør utan avtale om gjennomfakturering fakturerast direkte frå Lysna sitt kundesystem.

Lysna har like tariffar for alle sine kundar basert på ulike kundegrupper. Gjeldane tariffar er til ei kvar tid tilgjengelege på Lysna sine heimesider.

Konsernet hadde tidlegare felles database for nettkundar og straumkundar. Frå og med 1. oktober 2021 vart alle kraftkundane i konsernet overført til eige kundesystem. Eksisterande database er dermed forbeholdt Lysna sine nettkundar. Tilgangsstyring til kundedatabase for Lysna AS er vurdert ut frå behov og arbeidsoppgåver.

Krava om at enkeltaktørar ikkje skal ha tilgang til informasjon som andre ikkje får, er særleg knytt til informasjon som kan utnyttast i marknaden. Kundeinformasjon som nettselskapet har tilgjengeleg, kan potenisielt nyttast i marknaden på kort eller lang sikt. Det meste av kundeinformasjonen nettselskapet behandlar er sjeldan aktuelt å dele med eksterne partar, då informasjonen er underlagt konfidensialitet i form av personopplysningar eller kraftsensitiv informasjon. Informasjon Lysna AS får frå kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar blir holdt konfidensiell i tråd med regelverk og inngåtte avtalar.

Salg av tjenester

I konsernet er dei oppretta konserninterne avtalar om salg av tenester mellom selskapa. Lysna AS sel tenester til andre selskap i konsernet i form av fibertenester og vaktmestertenester. Dette er naturleg overskotskapasitet då nettselskapet er avhengig av ein minimumsbemanning for å oppretthalde 24 timars beredskap og tilstrekkeleg mannskap gjennom heile året. Lysna AS sel tenester i form av driftsansvar for høgspontanlegg til andre foretak i konsesjonsområdet. Også dette er naturleg overskuddskapasitet som er nødvendig for å oppretthalde 24 timars beredskap gjennom heile året.

Klager på nøytralitet

Lysna AS har i 2021 ikkje hatt klagar knytt til nøytral opptreden.